

Regionsleiar opplæring Annbjørg Laupsa

Voss, 30.09.2015

Oppretthald utdanningsprogrammet MK ved Nye Voss gymnas!

Faglærarane ved utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon ved Voss husflidskule vil gjennom dette brevet presisere kvifor det er viktig til å vidareføre MK som utdanningsprogram ved Nye Voss gymnas.

Voss har vore den skulestaden utanfor bergensområdet som har hatt den største søknaden innanfor Medium og kommunikasjon, med eit fullt løp innanfor mediefaga alle tre åra.

MK har vore eit tilbod på Voss sidan 2001, og har gjennom denne tida etablert ein svært god kompetanse innanfor fagfeltet. Med dyktige erfarne faglærarar kan ein vise til gode resultat og høge fullføringstal.

Voss har lenge vore eit skulesentrum i indre Hordaland, med fleire kreative utdanningsprogram, som Medium og kommunikasjon, Studieførebuande med formgjevingsfag og Musikk, dans, drama. Desse utdanningsprogramma og fagmiljøet utfyller, og dreg vekslar på kvarandre. Dersom dette blir splitta opp mister ein denne synergieffekten og det sterke fagmiljøet. Det bør vere eit totaltilbod i distrikta om formidlingsfag og kreative, estetiske fag.

I teikningane til Nye Voss gymnas er det både kapasitet og romløysingar som gjer det mogleg å tilby det nye studieførebuande utdanningsprogrammet, Medium og kommunikasjon.

Det er ikkje snakk om å starte opp noko nytt utdanningsprogram. Lokala er der, fagmiljøet er der og søkjarmassen er der.

Me veit og at i forhold til satsing på auka fullføring i vidaregåande skule er det viktig at elevane får oppfylt fyrsteynsket sitt. Dersom MK som utdanningsprogram ikkje vert vidareført på Nye Voss gymnas, vil ein i praksis ta frå mange elevar i distrikta moglegheita til å få den vidaregåande utdanninga dei verkeleg ynskjer.

Det er distriktpolitisk svært uheldig dersom skulestaden Voss ikkje lenger skal kunne tilby utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon til elevar i regionen. For mange elevar som ynskjer å studere dette fagområdet, er det ikkje aktuelt med lang reiseveg til ein sentrums skule i Bergen, eller å flytta på hybel som 16-åring.

Det bør ikkje være slik at Medium og kommunikasjon berre skal vere eit tilbod for elevar som bur i byar.

Som eit resultat av den teknologiske utviklinga innanfor mediebransjen, kan arbeidsplassar like gjerne skapast i distrikta som i byane.

MK på Voss kan over tid visa til gode søkjartal, og det har aldri vore snakk om ikkje å starte opp tilbodet for vg1-elevar. Trass i at MK som utdanningsprogram vart vedteke ikkje vidareført ved Nye Voss gymnas i fylkestinget i desember 2012, har elevane heldt fram med å søkje seg til dette utdanningsprogrammet.

Sjølv om det i skrivande stund er usikkert om MK vil være eit søkbart utdanningsprogram på Voss skuleåret 2016/17, er det 22 elevar frå ungdomskulane i distriktet som har meldt seg på utprøvingsordninga denne hausten.

Dette viser at elevane i distriktet verkeleg ynskjer å søkje seg til dette utdanningsprogrammet.

MK får søkjarar både frå Voss og Indre Hordaland. Hardangerbrua gjer reisevegen kortare for kommunane i Hardanger, og dette har resultert i auka rekruttering av elevar frå dette området. MK har òg elevar som kjem frå Bergensregionen. Utdanningsprogrammet kan visa til lite fråfall. Det er ikkje noko teikn til at dette skal snu.

Med helsing

Gro Prestegard Gjeraker
Morten Brede Holm
Knut Larsen Holtekjølen
Bodil Sekse
Arnstein Haugum

Faglærer ved Medium og kommunikasjon på Voss Husflidskule

Terje Lydvo
Avdelingsleiar